

Skreddar og skjerf



Ein skreddar har 6 meter stoff og skal sy skjerf.

- a. Til kvart skjerf treng skreddaren $\frac{1}{2}$ meter stoff. Kor mange skjerf kan han sy?*
- b. Skreddaren skal i tillegg sy ein anna type skjerf. Han treng $\frac{1}{4}$ meter stoff for kvart skjerf? Blir det fleire eller færre skjerf enn i første oppgåva? Kan ein finne ut kor mange skjerf det blir utan å rekne på nytt? Forklar og grunngi.*
- c. For ein tredje type skjerf trengst det $\frac{3}{4}$ meter stoff for kvart skjerf. Blir det fleire eller færre skjerf enn i b), enn i a)? Kan ein finne ut kor mange skjerf det blir utan å rekne (heilt) på nytt? Forklar og grunngi.*

Ekstra oppgåve

Kva med reknestykket $10 : \frac{5}{4}$? Kor mykje blir det og korleis veit du det? Kva slags situasjon/rekneforteljing passar til det reknestykket? (Dersom elevane ikkje svara, kan læraren minne om skreddar og skjerf.)